

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta.



Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælande redde.¹⁰ Men engelen sa til dei: «Ver ikkje rede! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket.¹¹ I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren.¹² Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»¹³ Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda, blant menneske som Gud har hugnad i!»

KYRKJEBLAD for NORDDAL

Nr 2 2020 51. årgang



Vi ynskjer alle ei velsigna julehøgtid

Bibelen-verdens viktigste bok

Har Gud virkelig sagt?

Det var det spørsmålet slangen retta til Adam og Eva då han førde dem til fall. Det fallet som vi kallar syndfallet.

Dette spørsmålet stilles også i våre dagar, oftare, og frå fleire hald i dag enn det som har vore gjort tidligare.

I våre dagar stiller endog biskopane i vår norske kyrkje dette spørsmålet, ikkje berre når det gjeld historia om skapelsen i 1. Mosebok, men også når det gjeld det Paulus seier i sine brev, og det Jesus seier i Bergpreika.

Mange vil til og med ha vekk Joh 3,16 frå dåpsliturgien, for i «den vesle Bibel» seier Jesus at fortapinga er ein mogeleg utgang på livet.


Teologar og biskopar tillet seg å klippe og lime i Guds Ord slik dei finn det for godt, - slik at det kan passe til deira eigen agenda og det som er politisk korrekt.

Dei vil ikkje vedgå at Gud straffar synd, og dei vil ikkje vere med på å definere som synd det Bibelen klårt seier at er synd.

Og å definere synd som menneska sitt største problem, det vil dei heller ikkje vere med på. Dei klipper vekk det dei ikkje likar i Guds Ord, og limer inn det dei syns Gud burde meine.

Men Bibelen seier klårt og tydeleg at Jesus er i går og i dag den samme, ja, til evig tid (Hebr 13,8). Og Jesus sjølv sa i bergpreika at ikke en tøddel skal forgå av Guds Ord (Matt 5,18). Her refererte Jesus til GT, for NT var ikke skrive ennå. Likevel regner vi evangelia og breva i NT som Guds Ord. Dette Ordet står Gud bak, - og Guds vrede tennes ved at noen setter spørsmålsteign ved Hans Ord. Det ser vi av historia om Sakarias, døyparen Johannes' far, presten som spurte korleis det kunne skje at han og Elisabeth kunne bli foreldre til ein gutt, langt oppe i åra som de begge var. Dette var eit naturleg spørsmål å stille, men Gud såg på det som vantru som måtte straffast.

Sakarias ble stum i 9 mndr. (Lukas1). Biskopane i vår kyrkje har ikkje like god



grunn til å stille spørsmålsteign ved Guds Ord som Sakarias hadde. Vår kultur er grunna på Bibelens ord. Vårt syn på rett og galt har vi frå denne boka, og våre lover er bygd opp fra det fundamentet som Gud har lagt i sitt Ord.

Frå Bibelen har vi også verdas vakraste historie, den som vert lese kvar Jul frå Lukas 2: Om Maria og Josef som drog frå Nasaret til Betlehem, der dei vart foreldre til Guds Son, slik som Skrifta hadde profetert mange hundre år tidligare. Og om gjetarar og englar og vismenn som kom og hylla Jesus då han var eit lite, nyfødd barn.

Vi òg burde hylle Han, også nå, etter at Jesus har vorte vaksen. Nå er Han i Guds Himmel, og Han ventar på klarsignal til å hente sine vener og etterfylgarar ut av denne mørke verda (1.Tess 4,16). Jesus er vårt håp om frelse frå dette mørket, og Bibelen er vegvisaren.

Gudstenester

Gudstenestene er ved Sokneprest Morten Gravdal, om ikkje anna er annonser.

Torsdag 24.12 - Julaftan

Norddal kyrkje kl 14:00 Ofring til Kirkens Nødhjelp

Sylte kyrkje kl 15:45 Ofring til Kirkens Nødhjelp

Fredag 25.12 - Juledag

Norddal kyrkje kl 12:00 Høgtidsgudsteneste
Ofring til Misjonsprosjektet i Nepal

Laurdag 26.12 - 2. juledag

Sylte kyrkje kl 11:00 Ofring til Stefanusalliansen

Søndag 03.01 - Kristi openberringsdag

Eide bedehus kl 17:00
Ofring til Det Norske Misjonsselskap

Søndag 10.01 - 2. sundag i openberringstida

Sylte kyrkje kl 11:00
Ofring til Diakoniarbeidet i kyrkjelyden

Søndag 17.01 - 3. sundag i openberringstida

Norddal kyrkje kl 11:00
. Ofring til Norges Kristelige Stud.-og Skoleungd.lag

Søndag 31.01 - Såmannssundagen

Sylte kyrkje kl 11:00 Ofring til Det Norske Bibelselskap

Søndag 14.02 - Fastelavnssundag

Norddal kyrkje kl 11:00 Ofring til IKO

Søndag 21.02 - 1. sundag i fastetida

Sylte kyrkje kl 11:00 Ofring til Vestborg vidaregåande

Søndag 07.03 - 3. sundag i fastetida

Sylte kyrkje kl 11:00 Ofring til Barne og ungdomsarbeidet

Søndag 14.03 - 4. sundag i fastetida

Norddal kyrkje kl 11:00
Ofring til Misjonsprosjektet i Nepal

Søndag 21.03 - Maria bodskapsdag


Sylte kyrkje kl 11:00

. Ofring til Søndagsskullearbeidet

Søndag 28.03 - Palmesundag


Fjordheim i Tafjord kl 11:00

. Ofring til Rusomsorg Vest Nappane



Den kirke som inngår ekteskap
med tidsånden, blir
enke i morgen

Dean Inge



Kyrkjeblad for Norddal

Utgjeve av Norddal sokneråd.

Redaksjon:

Grete Hoel, Morten Gravdal

Kasserar:

Norddal sokneråd,
6210 Valldal.

Bankgiro: 4020.30.03805

Bladet kjem ut fire gongar i året, vert sendt alle heimane og er finansiert med gåver.

Norddal kyrkjekontor:

Tysdag – fredag: kl. 10.00 – 14.00
Tlf. 40 44 15 22

E-post: post.storfjorden@kyrkja.no

Adm. leiar:

Magne Eivind Glomnes, tlf. 40 44 15 28
MG768@kyrkja.no

Organist:

Carolin Eide, tlf. 93 82 04 96

Sokneprest:

Morten Gravdal
Mobil 90 16 27 59
MG989@kyrkja.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.:

Dan Høglund
Tlf. 91 35 03 47

Trusopplærarar:

Martin Kristoffersen
Tlf: 99 29 16 25

Heimeside:

Kyrkja.no/norddal



Slekters gang

Dåp

| Dato | Navn | Stad |
|--------|-----------------------------|--------------|
| 07.06. | Arja Rødset Daniloff | Sylte kyrkje |
| 05.07. | Ivar Humberset Krohn | Norddal |
| 26.07. | Elliot Heggen Hansen | Alstad |
| 30.08. | Sina Marie Indreeide Røbekk | Norddal |
| 18.10. | Linus Grønningsæter | Norddal |
| 15.11. | Evelina Omenås Bjørstad | Sylte |
| 15.11. | Tarjei Hoel-Krog | Sylte |

Troende kan alltid minne seg selv om sin dår når synd plager dem. Slik kan de få sikkerhet for en evig renselse i Jesu Kristi blod.
Jean Calvin

Vigde

| Dato | Navn |
|--------|---|
| 30.05. | Beate Christin Drevik og Olav Inge Sylte |
| 27.06. | May-Lin Hårvik og Erik Lunde |
| 18.07. | Maria Holstad og Sergey Maximov |
| 18.07. | Marita Solli og Simen Andre Løvoll |

Gravferd

| Dato | Navn |
|--------|---------------------|
| 29.04. | Steinar Ove Tafjord |
| 07.05. | Kjellaug Tafjord |
| 13.05. | Rita Johanna Hoel |
| 10.07. | Kari Elisabet Hoel |
| 24.07. | Sigrid Weiberg |
| 21.07. | Petra Hansine Dahl |
| 24.07. | Ingeborg Relling |
| 31.07. | Astrid Stenvåg |
| 03.11. | Ingebjørg Hauge |
| 24.11. | Vally Nydal |

Døden er den Gylne Nøkkelen til Ewig-
hets palass.

John Milton

NYTT FRÅ SOKNERÅDET

Leiar og nestleiar:

Ingvild Hansen Nystad held fram som leiar i soknerådet, og John Inge Smoge held fram som nestleiar eitt år til.

Tilkomst for røyrslehemma i Norddal kyrkje:

Det nye forslaget om tilkomst for røyrslehemma til Norddal kyrkje som var omtalt i forrige kyrkjeblad er no godkjent, men sidan godkjenniinga kom så seint må prosjektet utsetjast til våren 2021.

Felles kyrkjeblad i området?

Norddal sokn har i mange år hatt eige kyrkjeblad, noko som har fungert bra og blitt godt mottatt av innbyggjarane. Etter endring i kommunar og fellesrådsområde fra 2020 er det sokna i Fjord og Stranda kommunar som utgjer Storfjorden kyrkjelege fellesråd. Det er også dette området som er eit trusopplæringsområde. Det har kome forslag frå administrasjonen om å ha eit felles kyrkjeblad for heile området for å synleggjere arbeidet i alle sokna og også lettare skaffe annonseinntekter. Sidan Norddal er det einaste soknet som har hatt kyrkjeblad i fleire år er saka om felles kyrkjeblad først drøfta i soknerådet her før ein legg saka fram for dei andre sokneråda. Norddal sokneråd støttar forslaget om felles kyrkjeblad i fellesrådsområdet. Grunnlegginga for dette vedtaket er at det no er mykje tettare samarbeid mellom desse sokna, og at arbeidet med kyrkjebladet no kviljer på ein altfor liten redaksjon.

Denne saka må også opp i sokenråda i Stordal og i dei tre sokna i Stranda. Viss det går gjennom der, vil det nye bladet ikkje kunne kome før til sommaren. Då vert det eit blad til før påske som heiter Kyrkjeblad for Norddal.

Ny trusopplærar i fellesrådsområdet:
Frå september 2020 har Laura Skovgård Højlund vore vikar i 50% stilling som trusopplærar.

Ho er gift med den nye presten på Stranda, Jacob Højlund.

Det er utlyst 70% fast stilling frå nyttår. Solfrid Blindheim går då over til AFP etter ha vore sjukmeldt det siste året. Det vil frå neste år vere 1,7 årsverk på trusopplærer i fellesrådsområdet, dei seks sokna i Stranda og Fjord kommunar.

Korona og Julegudstenestene

Det vil bli gudstenester i kyrkjene våre i jula som det alltid har vore. Men pga koronasituasjonen får vi ikkje vere meir enn 50 til stades, i tillegg til personell. Det betyr at folk må melde seg på til gudstenestene på julafatn. Det kan gjerast på heimesida til Norddal sokn. Om du ikkje kan gå inn der, kan du ringe kyrkjekontoret for påmelding. I gammal tid var jo gudsteneste-dagen i jula 1. og 2. juledag. No er det julafatn gudstenesta som har teke over den rolla. Eit forslag til folk er i år å legge kyrkjesøket i jula til kl 12 1. juledag i Norddal eller til kl 11 2.juledag i Sylte.

Jula vert annerleis i år, men vi feirer det same: At Jesus vart fødd på jorda for å gje oss mennesker ei muligkeit til frelse.

Fast gjevar?

Vil du gi ei gjevar til kyrkjelydsarbeidet eller kanskje gi ein fast sum pr. månad, kvartal eller år?

Ta kontakt med banken for avtale om fast overføring.

Kontonummer 4020.30.44919.

Du vil få skattefrådrag for gjevar over kr. 500 i løpet av eit år når gjevar er registrert med namn.

God jul likevel

Det kan bli ei annleis jul i år.

Men det var ei annleis jul den første gongen og. Dei fann kongen på ein «feil plass». Alt var annleis enn nokon hadde trudd. Med fjøslukt og blod og jord. Men det vart fest og fryd og englesong.

Bibelhistoria har sidan stadig overraska-kongen på «feil stad» hos «feil folk». Med kjærleik og varme og fred og fellesskap same kva.

Det er ikkje plass til alle i herberga våre i år - verken i kjøpesentra, på festane eller i kyrkjene. Sjølv om medarbeidarane våre har jobba for å få til kyrkje-jul for flest muleg.

Dette kyrkjebladet er kanskje den nærmaste helsinga kyrkja får gitt til mange av dykk denne jula. Og dette bladet blir det siste av sitt slag - sjølv om det vil opptre i ny drakt frå 2021- i samarbeid med fleire sokn. Vi vil difor takke den lokale redaksjonen vår som trufast har gitt ut bladet år etter år.

Mykje blir annleis i år, men vi må sjå etter gode vriar.

Helseminister Høie kom med eit annleis råd for denne jula: ut og brenn bål saman! Ein vri som minner om første julekvelden. Bål,

Visdom frå Guds Ord



Bibelen bruker ofte dyr som metaforer for menneskelige erfaringer. Ørna er kanskje den fuglen som oftest er brukt i så måte. Setningen fra ordspråkene som er trykt på bildet setter ord på en erfaring som mange har gjort i forbindelse med tap av eiendom eller konkurs. I disse koronatider er det jo mange som med fortvilelse må si seg enig i dette visdomsordet.

I en sånn situasjon finnes også løfter: *De som venter på Herren, får ny kraft, de løfter vingene som ørner* (Jesaja 40,31) Eller: *Se på fuglene under himmelen, de sår ikke, de høster ikke, men den Far dere har i himmelen, gir dem føde likevel. Er ikke dere mere verdt en de?* (Matteus 6,26)



Betlehemsstjerna og sauder på marka. Kjærleik, varme, fred og fellesskap treng ikkje så store fjøsen. God jul!

Helsing frå soknerådet (ved leiar Ingvild Hansen Nystad)

Sykehusdrift

Gjennom vårt misjonsprosjekt vil vi støtte Okhaldhunga sykehus, som drives av United Mission to Nepal. Sykehuset, som ligger 8 mil fra Mount Everest, er det eneste i et område hvor det bor over 250.000 mennesker.

Sykehuset har over 1200 fødsler i året. Det er gratis tjenester for barn under 12 kg. Sykehuset er også blitt et senter i Øst-Nepal for resistent tuberkulose. Normisjon støtter blant annet et pasientstøttefond som sikrer fattiges rett til og mulighet for behandling. Gjennom dette kan sykehusregningen betales for de fattigste.

Målet er at alle skal få lik rett til behand-

ling ved sykdom og skader, og tilstrekkelig kunnskap om ernæring og barns helse. Dette har ført til en radikal forbedring i helsetilstanden for kvinner og barn.

Normisjon har vært med på å bygge ut sykehuset som nå er godkjent for 50 sengeplasser. Det nye sykehuset er bygd jordskjelv-sikkert og har i tillegg et helt nytt mødre-ventehjem som vil sikre enda flere trygge fødsler.

I april 2019 åpnet også en sykepleierskole som drives ut i fra sykehuset. Alle studente er kasteløse jenter som har fått så gode karakterer, og kommer fra en så fattig bakgrunn, at de har fått stipend av staten som dekker både studieplass, husrom og mat gjennom hele studieperioden.



Nepal er verdens høyest beliggende land, og landskapet her er spektakulært. Slik sett kan Norddal identifisere seg med dette landet. Men folket i Nepal er fattig og lever i svært enkle kår. Her kan vi bidra...

Kvinner og barn trenger hjelp og utannelse

Vold mot kvinner et stort problem i Nepal. Lokalfolkingen ba selv om hjelp til å finne nye veier å leve på slik at jenter og kvinner kan unngå diskriminering og vold. Hindutradisjonen chaupadi tilsier at jenter og kvinner må bo adskilt fra familien under menstruasjon.

Mange bor i skitne, kalde og uthygge uthus. Praksisen fører til store psykiske påkjenninger, sykdom og mangel på skole-

gang. Mor og barn må også bo adskilt i 11 dager etter fødsel.

Alkoholforbruket er også svært høyt i noen av områdene, noe som også fører til mye vold mot jenter og kvinner.

Gjennom samtalegrupper og veiledning ønsker Normisjons partner *United Mission to Nepal* å bekjempe disse praksisene slik at kvinnene og lokalsamfunnene kan gå en lysere fremtid i møte.

Norddal sokn sin Misjonsavtale



På soknerådsmøtet den 11.november vart Norddal sokn sin misjonsavtale med Normisjon underteikna. Misjonsforeninga Valdal Santalforening arbeider for Normisjon, og vil være ein partner i soknets misjonsprosjekt.

Gjennom vårt misjonsprosjekt vil vi vere med på å støtte det arbeidet som Normisjon gjer i Nepal. Dette prosjektet vert kalla «Samfunnsutvikling i Nepal», og detaljane i dette prosjektet er beskrive på denne og neste side av dette bladet.

Regionsleiar i Normisjon Møre, Torgeir Frøvik Frøsøy var til stades på soknerådsmøtet. Han orienterte om arbeidet i Nepal, og han underteikna avtalen saman med formann Invild Hansen Nystad.

Mellom India og Kina ligger fjellandet Nepal. Navnet på sanskrit betyr «ved foten av gudenes bolig». Her ligger verdens høgaste fjell, Mount Everest, på 8848 meter. Landet vart ramma

i 2015 av fryktelige jordskjelv som tok mange liv.


Nepal har også lenge vært rystet av fattigdom, høy barnedødelighet og diskriminering. Normisjon er til stede gjennom lokale partnere for å bygge opp helsetjenester for fattige og marginaliserte folkegrupper. I Okhaldhunga distrikt får over 180.000 mennesker tilgang på helsetjenester de tidligere ikke hadde.

Vi skal få bidra til at barn med psykiske og fysiske funksjonsnedsettelse får et verdig liv gjennom hjelp på dagsentre.

Diskriminering av jenter/kvinner er vanlig, spesielt vest i landet. Normisjon jobber nå her med å styrke deres stilling gjennom bekjempelse av skadelige tradisjonelle praksiser.

I tillegg ønsker vi å støtte nasjonale kristne og bidra til at minoritetsgruppen sherpa blir styrket i håp og fremtidstro. Dette søkes å gjøre gjennom å gi utdanning og hjelp til sykehushusdrift. Den friheten som evangeliet om Jesu seier over døden gir, er selve nøkkelen til håp og framtidstro i en mørk og vond situasjon.

Hans Nielsen Hauge - jubileum.



I 2021 er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. Det skal markerast med eit Hauge-jubileum.

Kven var Hans Nielsen Hauge? spør du kanskje.

Han var det moderne Norges Far.

- Han bante vegen for frihet for alle til å drive handel. I den forbindelse oppretta han og venene hans bedrifter som vart hjørnestensbedrifter i mange lokalsamfunn. Han ga vanlege folk økonomisk makt.

- Han bante vegen for ytringsfrihet. Slik at andre enn prestar kunne forkynne Guds Ord og vere preidkantar. Han bante vegen kvinnerørsla. Han var ein pioner i å slappe kvinner til. Han sette mange kvinner til å forkynne guds ord og vere omreisande predikantar.

- Fekk HNH takk for det han gjorde? På ingen måte. Han vart arrestert mange gonger, og han satt i fengsel i ti år frå 1804. Han vart sleppt ut lille julafatn i 1814. Men Norske myndigheter tok han ut av fengslet nokre veker i 1809, for dei

visste at HNH kunne lage salt av sjøvatn. Det var det ingen andre som kunne, så dei fann det for godt å sette han til å lære bort dette.

Dei mest varige spora i det Norske samfunnet finn vi nok i kyrkje og menighetsliv. Det første bedehuset i Norge hette Hauges minne, og vart bygd ca 20 år etter hans død i 1824. Norsk misjon og frivillige organisasjoner er utenkelige uten impulser fra Hans Nielsen Hauge. Hauge hadde ein ubøyeleg trang til å fornye Norge, både på det maerielle og det ånelege plan. I 2021 vil du verte betre kjent med han

Mykje meir kunne seiast om denne mannen. Og eg vil gjerne anbefale å bli betre kjent med han. Den nyaste boka om Hauge er skiven av Alv Magnus og heiter: «Hans Nielsen Hauge—mannen som farandret Norge». **Dette er eit julegåvetips!** Også til folk som veit litt om denne mannen frå før.

MG

Nerhagen Minnefond

Kåre Nerhagen har oppretta eit minnefond der det i vedtektena heiter at det årlege overskotet skal i si heilheit gå til gode formål, vesentleg i lokalmiljøet. Ungdom av slekta og frå heile Norddal, slik kommunen var i 2017, som tek høgare utdanning, kan søkje om stipend frå fondet. Vidare kan det søkjast om tilskot til næringsutvikling og til kulturformål i Norddalsbygdene. Ein del av overskotet skal gå til misjonsorganisasjonar og andre, meir på landsbasis.

Fondet vert leia av eit styre på 4 personar, der soknerådet har oppnemt eit medlem. Fondet har tildeling vår og haust og det vert kungjort med annonse i Storfjordnytt.

Minnefondet er skipa som stiftelse, og er reigstrert i Brønnøysund-Registrene og underlagt Stiftelsestilsynet.

Utviding av Sylte kyrkjegard

I siste utgåva av kyrkjebladet skreiv vi om Børre Ødegård og det Kåre Nerhagen fann om han i papira sine.

I dei same papira fann Kåre opplysningar om korleis «kyrkjegarden på Sylte vart utvida i 1927 og innhegne med litt mur, stakitt og nettingjerde. Dette syntest mange ikkje var bra. I 1929 kom det framlegg frå fylkesagronomen om å få betre stell av kyrkjegarden, og særleg måtte betre inngjerdning til.

I eit hefte som vart utgitt til Sylte kyrkje sitt hundreårsjubileum i 1963, står det: *Noko meir vert ikkje gjort før losje Dallys vende seg til soknerådet i skriv 8/11 -1931, der dei heldt fram at kyrkjegardsgjerdet mot gata er i ein slik tilstand at det ikkje er verdig hegning for «de dødes have». Likeins baud dei seg til med friviljugt arbeid og ville hjelpe til med innsamling av pengar».*

(Losje Dallys vart skipa 12 desember 1900, og var i aktivitet fram til 1949)

«Soknerådet studde tanken, takka losjen og ba dei halde fram. Børre Ødegård; H.L. Muri, Anders Lingås og jonas Døving vart med i ei nemd som skulle samle inn pengar både i Valldal og Fjørå. Steinmurr vart vald og den vart kalkulert til + friviljugt arbeid, som vart dekt av innsamla midler, tilskot frå banken og noko frå kommunan og.

Gerhard Berge laga smijarnsporten som no står mot gata. Heile arbeidet vart ferdig i 1935.»

Kåre avsluttar slik: Ta deg gjerne ein tur i Syltegata og sjå på den fine muren som er

like prektig i dag! Kyrkjegarden på Sylte treng utviding igjen, etter at den vart utvida sist i 1927. I meir enn 20 år er denne utvidinga blitt diskutert. Problemet no er at vi ikkje har ein Børre Ødegård til å skjære gjennom byråkrati og økonomske problem.



Legg merke til krossen i muren. Det er ein av den i kvar seksjon.



Då Syltegata var hovudvegen forbi kyrkja, kunne ein mykje lettare sette pris på både smijernsporten og muren

og var med i arbeidet heile tida, og det er hans innsats å takke for at resultatet vart så bra som det vart. Det var ikkje alltid så lett den gongen heller, men han ga seg ikkje. Attåt det å hegne om «de dødes have», hadde han noko anna i siktet og: Han ville pynte opp til trollstigen vart opna i 1936.

Kostnaden med steinmuren vart det doble av det den var kalkulert til + friviljugt arbeid, som vart dekt av innsamla midler, tilskot frå banken og noko frå kommunan og.

Gerhard Berge laga smijarnsporten som no står mot gata. Heile arbeidet vart ferdig i 1935.»



Her har 10 ord om jul gøynd seg. Finn du dei?

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| J | H | Y | R | D | E | L | I | T |
| D | U | H | E | N | G | E | L | J |
| K | N | L | A | D | V | E | N | T |
| A | I | S | E | J | E | S | U | S |
| X | S | N | Y | T | G | U | L | L |
| H | S | T | J | E | R | N | E | J |
| B | E | T | L | E | H | E | M | K |
| S | H | S | T | A | L | L | D | F |



| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 3 | | 8 | 1 | 2 |
| 2 | 1 | 3 | 6 | 4 |
| | | 2 | 4 | |
| 8 | 9 | | 1 | 6 |
| 6 | | | 5 | |
| 7 | 2 | | 4 | 9 |
| | | 5 | 9 | |
| 9 | 4 | 8 | 7 | 5 |
| 6 | | 1 | 7 | 3 |



JUNIORKVARTERET

Vi startar med to vitsar i dag. Det er to figurar du kan fargeleggje også.

Kaffi

"Kan du seie namnet på eit dyr?"

"Kaffi."

"Kaffi er ikkje eit dyr."

"Men mamma sa at kaffien har blitt dyr."



Solbriller

Eit barn går til augelegen og seier:

"God ettermiddag, lege. Eg treng nokre briller."


"Til sola?" spurte legen.

"Nei, til meg!"

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | | | 5 |
| 6 | 3 | 2 | |
| 3 | 6 | 1 | 5 |
| 1 | | 6 | 4 |
| 5 | 2 | | |
| 3 | | 5 | 1 |



1. Kva for ein kopp kan du ikkje drikke av?
2. Kva for eit tau kan du ikkje dra i?
3. Kva for ein hage treng ikkje å vatnast?
4. Kva for ein nøkkel kan ikkje låse opp nokon dør?




Svar: 1. Edderkoppen
2. Fornauer
3. Bambusgågen
4. Skifermøkkelen

Årets konfirmantar



Desse vart konfirmerte i Sylte Kyrkje den 3.oktober: Kim Massinissa Bremnes Lounas, Emma Sofie Nybråten, Olai Hjelle Reiten, Johanna Myklebust Sunde, Eline Vestre Døving, Andrea Madelen Wolsdal, Elida Fuglem, Emil Indreeide Rognsø, Under: Martine Myklebust, Laurits Linge Glomnes, Silje Nerli, Emma Hjelme, Ylva Petrine Ruset, Samuel Hovden, Thomas Hoel, Jacob Opskar Almstad.

Korona



Konfirmasjon på hausten

På grunn av korona-situasjonen vart det ikkje konfirmasjonsgudstenester i mai. Det gjaldt for heile landet. Difor vart det mange konfirmasjonsgudstenester i haust. Hos oss vart det konfirmasjon i Sylte laurdag den 3.oktober, og i Norddal den 10 oktober. Vi kunne ikkje ha fleire enn 65

deltakarar i desse gudstenestene, og for at kvar konfirmant skulle kunne ha nokre gjester med i gudstenesta, hadde vi 4 gudstenester i Sylte og ei i Norddal, med 4 konfirmantar i kvar. Av denne grunn vart det ikkje teke gruppebilete av konfirmantane i Sylte.



I Norddal Kyrkje

I Norddal kyrkje vart desse konfirmerte laurdag den 10 oktober: Peter Nikolaus Eide, Elina Aleksandra Nystad Karvinen, Signe Nustad og Lars Iver Rønneberg.

Det er jo bestandig festleg når kyrkja er full på slike dagar. Det var det ikkje denne gongen, men vi trur at Gud var til stades og velsigna dei unge. Dei fekk med seg eit ord hver på livsvegen. Dette ordet fekk dei på eit lite kort, som dei vart oppmoda til å bruke som bokmerke i Biblane sine. Eit ord som presten brukte i talane desse dagane var ord fra Salme 119, mellom anna v 9: Korleis skal ein ungdom halde stigen sin rein? - Ved å halde seg til ditt Ord.

Foto: Gunnar Inge Eide

Neste års konfirmantar



Desse vart presenterte i Sylte kyrkje 20.9 kl 11: Oda Døving, Magnus Vestre Døving, Sebastian Brevik Gjerde, Tobias Johnsen, Sverre godø Hoel, Tilde Hovden Huss, Petter Sigurd Jemtegård, Maja Sandnes Myklebust, Emil Ruset-Moland, Mathias Lianes Sandnes, Thea Emilie Bersås Skudal, Sara Stavsgård, Sigvart Sunde, Kjellrun Uri, Sivert Vikene

Den 20. september vart neste års konfirmantar presenterte i begge kyrkjene.

I verke 42 og 43 starta undervisninga. Konfirmantundervisninga vert i kyrkja på Sylte, medan på sørssida vert undervisninga slege saman med Geiranger, der det også er fire konfirmantar neste år. Då vert undervisninga annankvar gong på kveldstid i Eidsdal og i Geiranger.

Alt ligg til rette for eit meiningsfylt år saman med konfirmantane.

(Navna på konfirmantane er gjeve i alfabetisk orden)



Desse vart presenterte i Norddal kl 16.00: Ole Martin Bjørneberg, Sverre Hjelle, Vilde Hanset Krohn og Amund Tafjord Rødhammer.

Jula og kirken:

- Gud rystet verden med en baby, ikke med en bombe.
- Verden på sitt verste trenger en kirke på sitt beste.

Sitater:

Kirken er et samfunn som består av syndere - det eneste samfunnet i verden hvor det eneste kravet til medlemskap er at kandidaten er uverdig til å bli medlem.

Charles C. Morrison

Hausstakkefest og 4-åringar



Foto: Marta Daggå




Foto: Karianne Vikene

Søndag 18 oktober var det haust-takkefest i begge kyrkjene. Som vanlig hadde vi invitert 4 åringane til å komme til denne gudsstenesta for å ta imot «Mi kyrkjebok for 4-åringar». I Norddal kom alle dei 6 som vi hadde invitert: Ingebrigt Daggå Rønneberg, Eirin Indreeide Røbekk, Lars Vestnes Indreeide, Matinus M Meek, Ragnar Berge og Jonas S Indreeide. I Sylte kyrkje møtte tre

fram for å ta imot boka si: Live Øybrennen Sunde, og Emil Vikene. Vi var einige om at når du har fått mat, - så takkar du for maten. Når vi har hausttakkefest, da takker vi Gud for at han lar det vekse gras og poteter og korn og alle slags grønnsaker på åker og eng. Uten dette hadde vi ikkje kunnet få mat. Vi takkar Gud for maten på hausttakkefesten.

SVE
Gravferdsbyrå

stranda blomster
blomster interiør
70 26 13 29

Blomster til alle anledninger

Vi leverer kranser og buketter til alle kirker og selskapslokaler i Storfjordområdet

Vi tilbyr både salg og utleie av vaser og dekorasjonsgjenstander

Ring oss eller kom innom vår butikk på Stranda

STRANDA BLOMSTER OG INTERIØR AS
Kirkgata 5 | 6200 Stranda | Telefon: 70 26 13 29
www.strandablamster.no/strandablamsteras@mimer.no

Vi bistår ved gravferder

Innehaver: Per Arne Sve
Svegjerdet 31
6200 Stranda
Tlf: 92 22 21 40